



Referat styringsgruppemøte

Mat og opplevingar i fjellet

Dato: 10.04.24

Møtestad: Teams-møte

Tidspunkt: 10.00-11.30

Til stades:

Tine Norman, Fjellnettverket
Kjersti Grøndahl, Statsforvaltaren
Anniken Fægri Damm-Larsen, Innovasjon Norge
Kristin Orlund, Landbruk- og matdepartementet
Maren Solvang Johnsen, Sjøberg Gard
Kari Randen, dagleg leiar Fjellnettverket/prosjektansvarleg
Elin Halland Simensen, prosjektleiar

Forfall:

Anne Skaug Nisi, Fylkeskommunane
Marit Nerol, Nerol Gard

SAKLISTE

A. INNKALLING OG REFERAT	2
SAK 1/24: INNKALLING OG SAKSLISTE	2
<i>Vedtak sak 1/24:</i>	2
SAK 2/24: GODKJENNING AV REFERAT	2
<i>Vedtak sak 2/24:</i>	2
B. ORIENTERINGSSAKAR.....	2
SAK 3/24: STATUSORIENTERING.....	2
<i>Vedtak sak 3/24:</i>	3
C. VEDTAKSSAKAR	3
SAK 4/24: GODKJENNING PROSJEKTRAPPORT 2. PROSJEKTÅR.....	3
<i>Vedtak sak 4/24:</i>	3
SAK 5/24: GODKJENNING AV PROSJEKTSØKNAD 3. PROSJEKTÅR	4
<i>Vedtak sak 5/24:</i>	4



SAK 5/24: GODKJENNING AV BUDSJETT	FJELLNETTVERKET
vedtak sak 6/24:.....	5
SAK 7/ 24: GODKJENNING PROSJEKTPERIODE.....	5
vedtak sak 7/24:.....	5
SAK 8/24: UTVIDING AV DELTAKARAR BONDENS BORD	5
vedtak Sak 8/24:.....	6
D. MØTEPLANAR	6
SAK 9/24 MØTEPLAN	6
Vedtak sak 9/24:.....	6

A. INNKALLING OG REFERAT

SAK 1/24: INNKALLING OG SAKSLISTE

Innkalling og sakliste var sendt styringsgruppa før møtet.

VEDTAK SAK 1/24:

Styringsgruppa godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 2/24: GODKJENNING AV REFERAT

Referat frå møte i styringsgruppa 22.08.24 vart lagt fram i møtet (vedlegg 1).

VEDTAK SAK 2/24:

Referat frå møtet 22.08.24 godkjennast av styringsgruppa.

B. ORIENTERINGSSAKAR

SAK 3/24: STATUSORIENTERING

I løpet av hausten og vinteren er det arbeidd hovudsakeleg med gjennomføring av aktivitetar knytt til delprosjektet Bondens bord, søknadar om finansiering for siste prosjektår og rapportering.

Dei fyrste verksemdene opna opp for servering i oktober, dei som ikkje har opna for fullt med faste opningstider har gjennomført prøveserveringar. Erfaringane frå deltakarane er gode, dei fortel om



gode og inspirerende møte med gjestene og at serveringane har betydning for verdiskapinga på garden. Gjestene fortel om gode opplevingar, nydeleg mat og inspirerende forteljingar og møte med dei andre gjestene.

Gjennom prosjektet får deltakarane mogelegheit til å prøve ut ulike konsept for å få meir erfaring med gruppestørrrelsar, menyar og samarbeid med andre. Deltakarane har fram til opninga deltatt på ulike kurs og gjort nødvendige registreringar for å drive servering av mat frå eige kjøken.

Det er gjennomført studietur til Færøyane for å lære meir om korleis serveringa gjennomførast i praksis og det er laga presentasjonsfilmar av ordninga og av deltakarane.

Kvar andre veke møtest deltakarane til nettverksmøte der dei deiler erfaringar og hjelper kvarandre med utfordringar og problem.

Framover:

I siste del av prosjektet skal det arbeidast vidare med dei deltakarane som er i gang, i tillegg ynskjer prosjektet å rekruttere fleire til å vere med å teste ut ordninga

Både nye og gamle deltakarar skal følgjast opp tett og det leggjast opp til ei rekke aktivitetar i løpet av våren. I siste prosjektår leggjast det opp til eit tettare samarbeid med reiselivsnæringa for å auke kunnskapen om og synleggjeringa av ordninga.

VEDTAK SAK 3/24:

Styringsgruppa tar saken til orientering.

C. VEDTAKSSAKAR

SAK 4/24: GODKJENNING PROSJEKTRAPPORT 2. PROSJEKTÅR

I styringsgruppemøte i august orienterte prosjektleiinga om arbeidet i 2. prosjektår. Styringsgruppa vedtok at prosjektrapporten skulle sendast ut for godkjenning på e-post.

Endeleg rapport for 2. prosjektår vart lagt fram for styringsgruppa i møtet.

VEDTAK SAK 4/24:

Styringsgruppa godkjenner sluttrapport for 2. prosjektår.



SAK 5/24: GODKJENNING AV PROSJEKTSØKNAD 3. PROSJEKTÅR

Prosjektet "Mat og opplevingar i fjellet" er et treårig prosjekt. Då prosjektet starta opp i 2019 innvilga Telemark fylkeskommune finansiering for alle tre åra samla. Innlandet fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune innvilga finansiering for eitt år av gangen.

Endeleg søknad om finansiering for 3. prosjektår vart lagt fram i møte.

VEDTAK SAK 5/24:

Styringsgruppa godkjenner søknad om finansiering for 3. prosjektår.

SAK 5/24: GODKJENNING AV BUDSJETT

Forslag til budsjett og foreløpig aktivitetsplan for 3. prosjektår vart lagt fram i møtet.

BUDSJETT MAT OG OPPLEVINGAR 3. PROSJEKTÅR	
UTGIFTER	
Lønn og sosiale utgifter	900 000
Drift	40 000
Møter og reisekostnader	450 000
Aktiviteter/markedsføring	550 000
Tenester	560 000
Frå fond	731 723
Sum driftsutgifter	3 231 723
INNETEKTER	
Innlandet fylkeskommune	800 000
Telemark fylkeskommune	500 000
Buskerud fylkeskommune	800 000
Statsforvaltaren i Innlandet	50 000
Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	200 000
Statsforvaltaren i Trøndelag	100 000
Statsforvaltaren i Oslo og Viken	50 000
Frå fond	731 723
Sum inntekter	3 231 723



Kommentarar til budsjettet:

Arbeidet med Mat og opplevingar i fjellet er et treårig prosjekt. I finansieringsplanen er det lagt opp til at kvar fylkeskommune bidrar med kr 800.000 til prosjektet per år.

Telemark fylkeskommune innvilga ved oppstarten av prosjektet finansiering for alle tre prosjektåra. Innlandet og Buskerud har innvilga for eitt og eitt år. Søknaden om finansiering av 3. prosjektår er handsama av fylkesutvalet i Innlandet og det er innvilga kr 800.000. Søknaden behandlast i fylkesutvalet i Buskerud den 10. april.

Sidan oppstart i 2019 har Statsforvaltaren i Innlandet, Oslo og Viken, Trøndelag og Vestfold og Telemark løyvd midlar frå fjellandbruksmidlane til prosjektet. Støtta er på til saman kr. 400 000. Desse midlane leggjast inn i budsjettet for 3. prosjektår.

Undervegs i prosjektperioden er det brukt noko mindre pengar enn budsjettet, i tillegg har prosjektet fått utbetalt refusjon frå reisebyrå for avlyst arrangement, desse pengane er ført til fond. Midlane leggjast inn i budsjettet for siste prosjektår.

VEDTAK SAK 6/24:

Styringsgruppa godkjenner budsjett for tredje prosjektår.

SAK 7/ 24: GODKJENNING PROSJEKTPERIODE

Då prosjektet starta opp i 2019 var det vanskeleg å sjå for seg kor lang tid arbeidet med dei ulike delprosjekta ville ta. Bondens bord er eit nybrottsarbeid, og gjennom arbeidet har prosjektet opparbeida seg stor kunnskap om korleis ein skal jobbe for å få gardsbruka som er med i prosjektet klare til å starte opp serveringa si.

For å hente inn fleire erfaringar frå prøveordninga og utnytte potensialet i arbeidet som allereie er gjort ynskjer prosjektleiinga å forlengje prosjektperioden fram til 31.12.2024. Utvidinga av prosjektperioden vil skje innanfor dei økonomiske rammene for prosjektet.

Prosjektperiode siste prosjektår: 1.5.2023 – 31.12.2024

VEDTAK SAK 7/24:

Styringsgruppa godkjenner at prosjektperioden forlengast fram til 31.12.24.

SAK 8/24: UTVIDING AV DELTAKARAR BONDENS BORD

I oppstarten av delprosjektet Bondens bord vart det vald ut 12 gardsbruk fordelt på fylka Innlandet, Telemark, Buskerud og Trøndelag til å vere med i arbeidet. Desse har deltatt på kurs og har lagt ned



eit stort arbeid for å få på plass det som krevst for å starte opp serveringsverksemd frå eige kjøkkene. Dei fleste av deltakarane har gjennomført prøveservering og fleire er i gang med jamlege serveringar.

Innan prosjektet avsluttast må ein likevel ta høgde for at nokre av dei utvalde gardsbruka ikkje vil kome i mål og opne servering

For å ta ut potensialet i arbeidet som allereie er lagt ned og for å vere sikker på at ein får henta inn nok erfaringar foreslår prosjektleiinga å invitere med inntil 15 nye deltakarar i prosjektet.

VEDTAK SAK 8/24:

Styringsgruppa godkjenner forslag om å utvide talet på deltakarar i Bondens bord.

D. MØTEPLANAR

SAK 9/24 MØTEPLAN

Dato	Tidspunkt	Stad	Møte
11. sept. 24	10.00-11.30	Teams	Styringsgruppemøte
13. nov. 24	10.00-16.00	Geilo	Erfaringskonferanse

Styringsgruppa diskuterte forslag om eit avsluttande styringsgruppemøte i desember med besøk hos ei av Bondens bord-verksemdene. Styringsgruppa er positive til forslaget, men ynskjer at møte og besøk leggjast på same dag. Styringsgruppa avklarar møtet i desember på e-post.

VEDTAK SAK 9/24:

Styringsgruppa godkjenner møteplanen